




Årsmelding 2017

Gulating lagmannsrett



FOTO: HUNDVEN&CLEMENTS

FØRSTELAGMANNEN HAR ORDET	5
SAKSAVVIKLINGA I GULATING LAGMANNSRETT 2017	6
Saksavvikling 2013-17	8
DIGITALISERING I DOMSTOLANE	9
NY SIKKERHEITSEINING I GULATING	11
STUDIEPERMISJONAR I GULATING	12
Studieopphold på juridisk fakultet, UiB.	12
Allmenningsrett – studietur til Sveits	14
Digitale domstoler i Tromsø og New York	17
ET TILBAKEBLIKK – FRA STENSILMASKIN TIL AKTØRPORTALEN	22
INTERVJU MED HILDUR E. STAALESEN 21.12.17	25
GULATING LAGDØME	27
ORGANISERINGA AV GULATING LAGMANNSRETT	30
Leiargruppa i Gulating	30
Dommarar avdeling 1	31
Dommarar avdeling 2	31
Konstituerte dommarar	31
Avdelingskonsulentar	31
Juridiske utgreiarar	31
Sekretariat	32
Saksbehandlarar	32
Rekneskap/fellestenesta	32
IKT	33
Sikkerheit	33
Rettsbetjentar	33
Ekstraordinære dommarar	33
Ressursgruppedommarar	33
Vikarpool	34
Utnemnd /tilsett i 2017	34
Slutta i 2017	34



Lagrettesalen i Stavanger

FØRSTELAGMANNEN HAR ORDET

I 2017 har det skjedd svært mykje i Gulating lagmannsrett. Fleire sentrale medarbeidarar har slutta og nye har kome til. Me har kome godt i gang med å digitalisera fleire sider av verksemda vår og me har hatt høg saksavvikling som syner igjen i gode saksavviklingstider og låge behaldningar.



Frå 8. februar 2017 tok lagmannsretten i bruk Aktørportalen. Det inneber at me no kan utveksla dokument og saksinformasjon med aktørane i sivile saker digitalt. Førebels er det frivillig å bruka portalen, men sidan februar har stadig fleire advokatar meldt seg inn. Det er me svært nøgde med. I løpet av 2018 reknar me med at aktørportalen vert obligatorisk for advokatane. Aktørportalen har vore eit viktig vendepunkt for lagmannsretten og vil på sikt gjera det mogleg for oss å effektivisera drifta vår endå meir. Også andre sider av verksemda vår er i ferd med å verta digitalisert. Det kan du lesa meir om i denne årsmeldinga.

Eit av måla våre for 2017 var å redusera saksavviklingstidene i straffesakene og det har me klart. Me har og klart å redusera behaldningane våre både i straffesaker og i sivile saker.

I Gulating har me dei siste åra bygd opp eit utgreiarordning som bistår dommarane i det skriftlege arbeidet. Det er etter vårt syn ei effektiv og god arbeidsform, og eit godt mønster for korleis lagmannsrettane bør organiserast i framtida. Det kjem me til å spela inn til domstolskommisjonen som regjeringa oppnemnde i haust og som mellom anna skal sjå på lagmannsrettane sine oppgåver og rolle i framtida.

Gulating lagmannsrett er ein reisande domstol og nær halvparten av sakene våre vert handsama utanbys. Særleg avviklar me mange saker i Stavanger tinghus der me har eigne kontor og rettssalar. Sidan 2008 har Stavanger kontoret vårt vore styrt av saksbehandlar Hildur Staalesen. I årsmeldinga kan du lesa om kva tankar både ho og lagdommar Birger Stedal, som gjekk av for aldersgrensa i november 2017, har gjort seg etter lang og tru teneste i lagmannsretten.

Å sikra effektiv drift og utvikling i takt med tida og fokus på aktørar og det rettssøkande publikum er viktige mål for oss i lagmannsretten i 2018.

førstelagmann Magni Elsheim

SAKSAVVIKLINGA I GULATING LAGMANNSRETT 2017

Den positive utviklinga vi har sett dei siste åra når det gjeld sivile ankesaker heldt fram og styrka seg i 2017. Då året var slutt hadde vi ei beholdning på berre 139 saker (anke over dom i sivil sak). Behandlingstida var nede i 161 dagar i snitt, som er godt under måtalet på 180 dagar. Dette inneber at vi ved inngangen til det nye året har kort berammingshorisont, og at partane kan få saka si opp til ankeforhandling innan 4-6 månader. Ventetida er soleis redusert kraftig i høve til stoda for nokre år sidan, og godt er det.




Arne Støle

Vi har og eit godt tilbod til dei som ikkje vil venta så lenge, og som ynskjer å koma fram til en løysing både partar kan leva med – nemlig rettsmekling. I fjor blei det rettsmekla i 56 saker, og i 51 av desse blei saka forlikt og endeleg avgjort. Dette er og eit resultat vi er godt nøgde med.

Når det gjeld straffesakene var vi i førre årsmelding bekymra for utviklinga; med for store beholdningar og for lang og aukande behandlingstid. For 2017 sette vi oss som mål å redusera behandlingstida for bevisankane – lagrettesaker og meddomsrettssaker – til under 180 dagar. Dette lukkast vi med for lagrettesakene sin del, medan vi framleis har litt å gå på for bevisankane meddomsrett. Det vi ser er at vi ved årets slutt har ei overkommeleg beholdning av alle straffesakstypene, noko som gjer at vi kan «tilby» ankeforhandling innan 2-5 månader fram i tid.

Beholdning bevisanker i meddomsrett 2012-17:



Stortinget har som kjent vedteke at lagrettesakene («jurysakene») skal opphøra i 2018. Vi gjer oss ferdig med dei lagrettesakene som kom inn før 31.12.17 i første halvår 2018. Deretter blir retten sett med 2 fagdommarar og 5 lekdommarar i dei aller fleste straffesakene, og det skal bli spennande å sjå korleis dette vil verka i praksis.

Alt i alt har 2017 vore eit år prega av høg saksavviklingstakt, kortare behandlingstid og synkande behaldningar av saker mest over heile fjøla, noko som gjer oss eit godt utgangspunkt for 2018!

administrasjonssjef Arne Støle

Saksavvikling 2013-17

			2015		
INNKOMNE SAKER	2013	2014		2016	2017
Anke over dom i sivile sak	390	423	417	387	382
Anke over orskurd/vedtak i sivile	291	320	351	313	307
Overskjønn	17	13	21	19	16
Lagrettesaker	55	57	61	73	62
Meddomsrett 1)	94	86	96	94	85
Fagdommarsaker	77	70	41	45	61
Ankeprøving	568	519	559	549	534
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	695	672	603	672	624
AVGJORTE SAKER	2013	2014	2015	2016	2017
Anke over dom i sivile sak	402	429	446	413	398
Anke over orskurd/vedtak i sivile	297	300	375	311	306
Overskjønn	22	18	17	20	18
Lagrettesaker	62	59	53	65	73
Meddomsrett 1)	135	95	91	97	96
Fagdommarsaker	80	81	42	51	55
Ankeprøving	564	520	555	547	516
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	570	670	601	672	622
BEHALDNING	2013	2014	2015	2016	2017
Anke over dom i sivile sak	229	221	188	160	139
Anke over orskurd/vedtak i sivile	34	54	32	35	37
Lagrettesaker	26	24	32	43	30
Meddomsrett 1)	42	33	42	45	40
Fagdommarsaker	25	13	13	10	17
Ankeprøving	21	26	27	27	40
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	11	15	18	21	10
BEHANDLINGSTID (dagar)	2013	2014	2015	2016	2017
Anke over dom i sivile sak	205	204	179	169	161
Anke over orskurd/vedtak i sivile	51	47	51	46	42
Lagrettesaker	200	179	190	221	176
Meddomsrett 1)	216	157	197	194	180
Fagdommarsaker	139	110	111	129	129
Ankeprøving	23	21	19	19	21
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	5	5	7	7	7

1) Gjeld både meddomsrett bevisanke og begrensa meddomsrettssaker

DIGITALISERING I DOMSTOLANE

Digitaliseringa grip om seg, òg i Gulating. Den viktigaste nyvinninga i 2017, var at Gulating tok i bruk Aktørportalen 8. februar.

I Aktørportalen kan domstolane og aktørane utveksla saksinformasjon og dokument i sivile saker. Løysinga er utvikla i eit samarbeid mellom Domstoladministrasjonen og Advokatforeningen



Henriette Hinna

Om ein advokat ynskjer å bruka Aktørportalen er førebels eit val advokaten sjølv gjer. Alt den første dagen portalen var i bruk av Gulating, registrerte mange advokatar seg og mange har kome til i løpet av året. Det er no godt og vel 680 advokatar i vårt distrikt som brukar portalen, og vi har fått mange heilelektroniske saker.

Gjennom aktørportalen har vi fått ein digital kommunikasjonskanal med advokatane. Vi kan såleis samhandla med advokatane gjennom portalen i alle sivile saker. I tillegg kan advokatane senda inn salærkrav gjennom portalen både i sivile saker og i straffesaker, noko som gjev grunnlag for å behandla desse krava – og få ordna utbetaling – raskare enn før.

Alt nytt byr på utfordringar. Slik er det òg med digitalisering. I året som har gått har vi gjort mange røynsler, både av at ting ikkje går som planlagt, men òg av at innkøyringsproblem er mogleg å overvinna. Ein av desse mellomstasjonane i utviklinga er at vi 2017 har skanna fleire dokument enn nokon gong.

Straffesakene er som det framgår ikkje omfatta av aktørportalen, men digitaliseringa er kome for fullt når det gjeld fenglingssakene. I dei aller fleste fengslingssakene som vert anka til Gulating, er no dokumenta digitaliserte. Dette inneber at det i desse sakene er slutt på at store dokumenthaugar skal transporterast frå tingrett til lagmannsrett, noko som er eit klar framsteg, ettersom tida er ein heilt spesielt kritisk faktor i desse sakene. I desse dagar har vi i tillegg opplevd nok ei digital endring ved at vi no får tilsendt straffeankar frå statsadvokatane gjennom Altinn.

Samlinga over dokument domarane skal ha for handa i rettssaka – utdrag – har kravd mykje kopieringsarbeid opp igjennom tidene. Lagmannsretten oppmodar no alle advokatar om å utarbeida digitale utdrag i alle sivile saker. Domarane tek dette opp i planmøta som vert halde tidleg under saksførebuinga. Med naudsynt utstyr til rådvelde, kan sakene gå som heildigitale rettsmøte.

I åra framover skal domstolane effektivisera arbeidsprosessane og bruk av digital teknologi er eit av verktya som skal gjera det mogleg.

Utfordringa vår er å gå frå IT som eit reint støtteverkty, til at det blir ein integrert del av arbeidsmåtane våre. Vi må jobba på heilt nye måtar. Vi digitaliserer ikkje for teknologien si skuld, men for å frigjera ressursar, slik at vi kan gje betre og meir effektive tenester.

Endringar påverkar oss, og dei kan påverka oss ulikt. Nokre opplever endringane som vanskelege, andre grip dei lett. Justeringar har vore og er naudsynte å ta undervegs. Vi skal utnytta ny kunnskap. Vi har kjent på motstand og vi må handtera vår eigen motstand. Vi treng kunnskap om kva endringane går i og kvifor dei er viktige – då er vi ikkje i mot, men med!

sekretariatsleiar Henriette Hinna



Kick Off i Gulating lagmannsrett 8. Februar 2017 – Wibecke S. Onarheim, Grethe Strandborg, Henriette B. Lillestøl, Sara Deisz, Martin Tenold, Henriette Hinna, Marianne B. Overaa og Haakon Meyer

NY SIKKERHEITSEINING I GULATING

1. juli 2017 fekk lagmannsretten sine egne medarbeidarar med ansvar for sikkerheit i domstolen. Tidlegare var denne eininga felles for Bergen tingrett og Gulating lagmannsrett, men frå 1. juli flytta tre medarbeidarar over til Gulating på permanent basis.

Espen Husby er leiar for den nye eininga. Han gjer vurderingar knytta opp mot sikkerheit i einskilde saker, i kontakt mot politiet og dommaren som skal administrera saka. Husby er og mykje nytta som rådgjevar og foredragshaldar i andre domstolar og er fast foredragshaldar når Domstoladministrasjonen held kurs innan sikkerheit.

I haust var ein av medarbeidarane på kurs i Nederland innanfor feltet proaktivt sikkerheitsarbeid, og vi satsar på å utvikla samarbeidet med domstolar i Nederland ytterlegare i 2018 på dette området. Tanken er å koma negative hendingar i forkjøpet, og førebyggja snarare enn å reagere etter at noko har skjedd.

Innanfor HMS-feltet gjev medarbeidarane i avdelinga tilbod til alle i domstolen om kurs i førstehjelp. I tillegg til reine sikkerheitsoppgåver har dei tre òg drifts – og serviceoppgåver internt og eksternt. Vidare hjelper avdelinga til når det gjeld tilrettelegging av teknisk utstyr i rettssalar.

Sikkerheitseiniga held til i inngangspartiet i bygget, og er soleis dei første medarbeidarane i domstolen publikum og aktørar møter når dei kjem til Gulating.

sikkerheitsleiar Espen Husby



Sikkerheitseininga gjev opplæring i hjarte- og lungeredning

STUDIEPERMISJONAR I GULATING

Det vart for nokre år sidan innført ei ordning som gjev norske dommarar høve til å ta ut ein månad studiepermisjon kvart fjerde år. I Gulating har fleire dommarar hatt studiepermisjon i 2017. I det følgjande kan du lesa meir om kva nokre av dei nytta permisjonen til og kva erfaringar dei gjorde. Studiepermisjonane er ein viktig del av kompetansearbeidet for dommarane og ei ordning me er godt nøgde med.

Studieopphold på juridisk fakultet, UiB.

Før jeg kom til Gulating lagmannsrett i 2013 arbeidet jeg bortimot 20 år på juridisk fakultet i Bergen med forskning og undervisning, fra 2007 som professor. Etter fire-fem år i Gulating ønsket jeg å benytte studiepermisjonen til å vende tilbake til forskningen. Jeg søkte om en ekstra måned studiepermisjon fra Domstolsadministrasjonen og fikk innvilget det, altså hadde jeg til sammen to måneders studiepermisjon



Torstein Frantzen

I denne tiden hadde jeg kontor på juridisk fakultet, UiB. Jeg deltok på forskergruppemøter i fakultetets forskergruppe for sivilprosess og på faglunsjer i forskergruppen for arverett og familierett. Det var nyttig og kjekt å treffe igjen gamle kolleger. Gulating lagmannsrett og juridisk fakultet i Bergen samarbeider på mange områder og har stor gjensidig nytte og glede av det. Dette studieoppholdet var også en del av dette samarbeidet.

I løpet av de to månedene skrev jeg en vitenskapelig artikkel om vergemålsloven § 39 j. Artikkelen blir publisert i Tidsskrift for familierett, arverett og barnevern-rettslige spørsmål (FAB) nr. 1 av 2018. Artikkelen handler om utlån av mindreåriges midler til den mindreåriges verge, altså mor eller far. Bestemmelsen er stort sett aktuell dersom en av foreldrene dør - barna arver - og den gjenlevende forelder har behov for å låne barnas midler for å beholde eller kjøpe bolig for seg og barna. Lånet sikres med pant i boligen innenfor 60 prosent sikkerhet. Ordningen er gunstig for familien fordi rentemarginen, altså forskjellen på bankenes innlånsrente og utlånsrente, kan komme familien til gode. Gjennom

instruks og retningslinjer til vergemålsloven av 2010 har Statens sivilrettsforvaltning gjort det bortimot umulig å kunne benytte seg av ordningen, i strid med lovgivers intensjon slik jeg ser det.

I FAB 2017 nr. 2, s. 162 flg. fikk jeg publisert en artikkel som også berører sivilrettsforvaltningens retningslinjer innenfor vergemål/arverett. I løpet av de to månedene ferdigstilte jeg også en vitenskapelig artikkel om rettsspråket, altså hvilket språk som brukes i domstolene. Artikkelen publiseres i Lov og rett. Rettsspråket er norsk. Domstolene forholder seg likevel i økende grad til andre språk, særlig engelsk. Ved bruk av dansk og svensk blir det i praksis ikke tolket eller oversatt. Når det gjelder engelsk, er tendensen at det i økende grad aksepteres at dokumenter ikke oversettes og også at vitner kan forklare seg på engelsk uten tolk. Domstolene må også i økende grad forholde seg til rettskildemateriale på engelsk. Reglene om rettsspråket står i domstolloven fra 1915. Det kan være grunn til å revidere reglene. Den som er interessert i temaet kan lese artikkelen i Lov og rett, trolig en gang i 2018.

Jeg hadde stor nytte av studiepermisjonen. Domstoler og academia står i et gjensidig avhengighetsforhold og har sammen ansvar for å utvikle jussen. Jeg tror det er nyttig at også dommere publiserer artikler i juridiske tidsskrift. At Gulatings lagmannsrett legger en av fagdagene sine i 2018 til juridisk fakultet og der vitenskapelig ansatte ved fakultetet står for det faglige innholdet, illustrerer nytten av samarbeidet.

lagdommer Torstein Frantzen

Store deler av høgfjellsområda i Noreg er allmenningar, anten i form av statsallmenning eller bygdeallmenning. Allmenningane er kjenneteikna ved at ei bestemt gruppe, typisk innbyggjarane i ein kommune eller grunneigarane i eit område, har bruksrettar i allmenningen. Slike rettar kan vera rett til skog, beite, jakt og fiske. Allmenningsrett er noko anna enn allemannsretten, som gjeld rettar vi alle har – òg i allmenningar. Allmenningsretten er eit av dei eldste rettsinstitutt vi kjenner i norsk rett.



Per J. Jordal

Allereie i Gulatingslova på 1000-talet var allmenningsretten vist til som ein gamal, festna rett, som skulle vidareførast uendra. Nogjeldande lovgjeving for allmenningane er dels frå 1975 (fjellova) og dels frå 1992 (allmenningslovene). Det har vore lite strid om lovgjevinga dei siste åra. Likevel sette regjeringa i 2016 ned eit lovutval leia av høgsterettsdomar Karl Arne Utgård som fekk i mandat å gjennomgå heile lovgjevinga knytta til allmenningane. Arbeidet skal resultera i ein NOU, som skal leggjast fram våren 2018.

Oppgåva mi i studiepermisjonen var å studera ulike tema knytt til lovutvalet sitt arbeid. Det historiske er sentralt her. Dagens lovgjeving er basert på ei finstemt interesseavveging, som har si historiske forklaring og grunngjeving. Utan å ha med seg dette bakteppet, er det lett å trø feil i ein lovrevisjon, og fåren er stor for at gamle konflikhtar kan blussa opp att. For min del har eg ei spesiell interesse for Høgfjellskommisjonen, som var ein særdomstol som virka mellom 1908 og 1952, og som stod for mange sentrale rettsavklaringar knytt til statsallmenningane vi finn her på Vestlandet. Ein sentral del av studiepermisjonen handla om å studera Høgfjellskommisjonen sitt arbeid, og deira avgjerder, knytt til Hardangervidda.

Det historiske er ei viktig side ved ein lovrevisjon av fjelljussen. Noko anna, som alltid er interessant ved alle lovrevisjonar, er korleis andre land regulerer tilsvarende rettsområder. Den norske allmenningsretten er nokså unik, men vi finn andre land i Europa som har allmenningar. Eitt av desse er Sveits. I Sveits, som i Noreg, handlar allmenningane om eldgamle rettsforhold, men der den norske kongen i si tid fekk aksept for at han hadde grunneigedommsrett til område

som ikkje var teke i bruk av andre («Kongens allmenning»), så dukka det aldri opp noko konge i Sveits. Statsallmenningar finn vi såleis ikkje i dette landet. Grunnarealet i dei sveitsiske allmenningane er gjerne eigd av kommunar, kantonar, eller noko som kan omsetjast med borgarsamband. Det siste liknar på våre bygdeallmenningar, men der grunnarealet i våre bygdeallmenningar typisk er eigd av grunneigarane (bøndene) i tilgrensande område, er det historisk sett borgarane i det tilgrensande område som eig grunnen til slike allmenningar i Sveits.



Utsikt over Grindelwald

Studieopphaldet mitt i Sveits gjekk først til Universitetet i Bern, der eg hadde møter med professor Tobias Haller og seniorforskar Karina Liechti. Haller er sosialantropolog, og har leia ulike forskingsprosjekt om allmenningar, særleg med utgangspunkt i land i Afrika. Eitt av hans forskingsfunn, er at eksistensen av allmenningsliknande strukturar i mange land har hindra oppkjøp av eigedomar frå kapitalsterke utanlandske interesser. Dette har sikra lokal kontroll og råderett over verdiane i mange område. Ifølgje Haller er allmenningane ei forklaring på at utviklinga av turismen i Alpane har skjedd på ein nokolunde berekraftig måte.

Ei stund var det eit press i Sveits for å oppløysa allmenningar og deretter utparsellera desse, slik at den enkelte eigar kunne selja hyttetomter og eigedomar fritt. Dette presset vart motverka på ulike måtar. Eit borgarinitativ i Sveits samla 3000 underskrifter for ei folkerøysting, som igjen resulterte i eit nasjonalt forbod mot at meir enn 20 % av bygningane i ein kommune kan vera fritidsbustader. I tillegg vart landbrukspolitikken lagt radikalt om på 1990-talet, på ein måte som særleg har gagna lønsemda i allmenningane i dei høgareliggande fjellområda. Karina Liechti har forska på denne omlegginga, med utgangspunkt i landsbyen Grindelwald, som ligg 1000 moh omkransa av dei storslåtte sveitsiske alpane, ein times køyring sør for Bern. Eg fekk ved sjølvsyn sjå korleis bøndene i Grindelwald syt for at den dyrka allmenningsgrunnen i Grindelwald vert halden i hevd i bratte lier heilt opp til over 2000 moh. Dette handlar om at subsidiane frå staten er knytt til kor mykje areal bonden held i hevd og ikkje til sjølve produksjonen av matvarer. Kritiske røyster kallar gjerne dette ein gartnarmodell, der bonden vert gartnar istadenfor produsent. I Grindelwald vart store utmarksområde halde i hevd, ikkje primært ved beiting, men ved at bøndene med billege innsatsfaktorar (gamal traktor, små slåmaskiner, hesjing etc.) syt for at graset i utmarka vert slege. Slik sikrar dei seg eit føreseieleg overskot frå denne del av drifta, som deretter kan pløgast inn i eventuell annan produksjon, som då er reint marknadsbasert. Ifølgje Karina Liechti sine forskingsfunn har dette systemet betra økonomien i allmenningane monaleg, noko som igjen har motverka presset for å «privatisera» allmenningane.

Sveits gjer ting annleis, slik dei alltid har gjort, og dei demonstrer at politikk framleis kan utgjera ein skilnad – òg for allmenningane.

lagdomar Per J. Jordal

Digitale domstoler i Tromsø og New York

Temaet for permisjonen var digitalisering av domstolene, herunder elektronisk kommunikasjon med domstolene og bruk av digitale dokumenter i rettsforhandlingene slik dette praktiseres i ankesdomstolene i New York, samt erfaringene med prøveordningen knyttet til opptak i retten i Hålogaland lagmannsrett og Nord-Troms tingrett.

Tromsø

Jeg fikk i begge prøvedomstoler demonstrert hvordan opptak i retten i praksis fungerer, og fikk høre om erfaringer som var gjort. Under mitt besøk var domstolene i slutten av prøveperioden på ett år.




Tinghuset i Tromsø

Hovedformålet med prøveordningen var å kunne innføre opptak i domstolene når nødvendig finansiering og regelverk er på plass. Det sentrale var utprøving av hvordan opptak av parts- og vitneforklaringer generelt kan innføres, hvordan opptak av parts- og vitneforklaringer kan brukes i rettens arbeid og gjenbrukes ved ankebehandling. Tingretten hadde montert opptaksutstyr i 3 rettssaler, og lagmannsretten hadde montert utstyr i 2 rettssaler. Opptak ble foretatt av alle sakene som gikk i disse salene.

Prøvedomstolene gjennomførte opptak av hele rettsmøtet unntatt pauser, altså ikke bare parts- og vitneforklaringene. At utstyret ble slått av i pauser var i hovedsak begrunnet med behovet for at advokater og parter skulle kunne ha fortrolige samtaler i rettssalen, samt unngå unødvendige opptak. Det ble tidlig avklart i prøveperioden at rene lydopptak ikke lenger var aktuelt; all innspilling ble gjort med lyd og bilde.

Lagmannsretten hadde ennå ikke tatt i bruk opptak fra tingretten i forbindelse med ankeprøving. Dette var noe som ville bli prioritert i neste runde. Erfaringer fra Tromsø viste at det var tilstrekkelig med ett stasjonært kamera i rettssalen, og at dette var rettet mot vitneboksen.

Mer enn ett kamera ville bli over dobbelt så dyrt som en løsning med ett kamera uten at gevinsten ville stå i samsvar med dette. En løsning med mer enn ett kamera vil også være mer komplisert å drifte.



Digital rettssal i Nord-Troms tingrett

Utstyret ble betjent av dommeren via en bærbar pc. Programvaren gjorde det lett å sette i gang opptak, legge inn bokmerker og pause opptaket. Dette fungerte meget bra. Opptakene ble i prøveprosjektet lagret på en felles server i tinghuset som gjorde det lett å finne og gjenbruke opptaket. Det var likevel tydelig at en fremtidig og permanent løsning må integreres i Lovisa/rettsbok og med hensiktsmessige lagringsløsninger.

Sikkerhets- og personvern hensyn ble tillagt stor vekt. Det ble sett på som svært viktig å hindre at videoopptak i sensitive saker havnet på avveie, for eksempel i sosiale media. I all hovedsak ble lyd og bildeopptaket ansett som å være til domstolens interne bruk, selv om det må anses som et «dokument» i saken. Advokatene fikk lyd-delen, og ble henvist til å se opptaket i domstolens lokaler hvis de ønsket det. Det samme gjaldt for vitner og parter som ønsket tilgang til sin egen forklaring, noe de har rett til etter loven.

Spørsmålet om tilgang til opptaket avdekket behov for nøye regulering fra lovgivers side. Det er også behov for lovendringer for at opptak i retten skal fungere etter intensjonen, blant annet for å kunne bruke opptak uten samtykke i lagmannsretten når vitnet er til stede.

Jeg oppfatter erfaringene fra Tromsø som viktige i det videre arbeid. Dette gjelder blant annet løsningen med at alt opptak skjer som lyd og bilde, og at rene lydopptak er forlatt. Videre er det en praktisk og økonomisk erfaring at det er tilstrekkelig med ett stasjonært kamera i rettssalen.

New York

Jeg ønsket også å få impulser og erfaringer fra utenlandske ordninger, selv om disse i begrenset utstrekning er direkte overførbare til norske forhold. Amerikanske føderale domstoler har et system for elektronisk kommunikasjon med domstolen som kan sammenlignes med Aktørportalen; "Case Management and Electronic Case Files system (CM/ECF)". Delstatsdomstolene bruker i ulik utstrekning lokalt tilpassede løsninger. Jeg besøkte to domstoler i New York, Supreme Court of the State of New York, Appellate division, og United States Court of Appeals for the Second Circuit.



United States Court of Appeals, Second Circuit, Manhattan

Begge er ankesdomstoler. Den første er for delstaten New York og den andre er en av de 13 føderale ankesdomstolene i USA.

Etter den amerikanske konstitusjonen har delstatene et selvstendig og helhetlig rettssystem som innebærer at det i utgangspunktet ikke er noen overlapping med det føderale rettssystemet. I noen tilfeller kan partene likevel velge om man vil følge et føderalt- eller delstats-spor, f.eks. hvor begge systemer har lovgivning som kommer til anvendelse.

Jurisdiksjonen for de føderale domstolene viste seg å være noe større enn hva jeg i utgangspunktet hadde trodd. Foruten alle saker om påståtte brudd på borgernes konstitusjonelle rettigheter og saker om statsborgerskap, pådømmes alle tvister hvor partene holder til i forskjellige stater, riktignok bare når tvistegjenstanden er over 75 000 USD. På den måten kommer hele sivilretten inn med full tyngde.

Alle straffesaker pådømmes fullt ut i delstatssystemet, med et praktisk viktig unntak; ran av banker regnes som en føderal forbrytelse fordi den føderale regjeringen garanterer for bankinnskudd.

Ingen av de to appelldomstolene jeg besøkte hørte parter og vitner på nytt.

Ankene gjaldt derfor typisk saksbehandling og rettsanvendelse, og i straffesaker

også reaksjonsfastsettelsen. De er slikt sett vesensforskjellig fra våre lagmannsretter, selv om begge er på såkalt intermediate nivå – mellom førsteinstans (trial courts) og høyesterett.

I New York kalles, i motsetning til ellers i USA, førsteinstansdomstolen for Supreme Court. Appellate division er en selvstendig ankesdomstol for avgjørelsene fra Supreme Court i New York. Den høyeste domstolen i delstaten er The New York Court of Appeals.

Jeg hadde samtaler med Judge Peter W Hall i United States Court of Appeals for the Second Circuit og med Presiding Justice Rolando T. Acosta i Supreme Court of the State of New York, Appellate division. Dessuten hadde jeg samtaler med juridiske utredere og administrativt personale i begge domstoler. Jeg fikk anledning til å følge flere saker i begge domstoler.

Case Management/Elektronisk Case Files System brukes i de føderale domstolene for innsending av dokumenter via internett i verserende saker. Tilgang gis derfor bare til aktive advokater ved domstolen. CM/ECF gjør saksinformasjon og saksdokumenter tilgjengelige for visning og nedlasting for advokater. Alle dokumenter skal være i pdf-format med spesifikke krav til OCR-behandling, filnavn og oppløsning. Systemet ble først tatt i bruk for de føderale førsteinstansdomstolene og spesialdomstolene i 2001 og for de føderale appelldomstolene i 2005. Det er opplyst at CM/ECF nå inneholder over 500 millioner enkeltdokumenter i over 41 millioner saker. Det er over 700 000 advokater som bruker systemet. Det er om lag 1,3 millioner advokater i USA.

I United States Court of Appeals ble det foretatt lydopptak av forhandlingene. Domstolen publiserte disse på internett på slutten av rettsdagen og ble derved gjort allment tilgjengelig for publikum og advokater. Det ble også foretatt overføring med lyd og bilde (strømming) til internt bruk i domstolen, inklusiv via hjemmekontorløsning. Hvis en dommer på saken fikk forfall før rettsmøtet, ble likevel saken gjennomført uten noen ny dommer hvis den opprinnelige dommer kunne følge saken direkte og/eller ved å høre på det publiserte lydopptaket. Dette skjedde i en av sakene jeg fulgte.

Flere dommere brukte nettbrett under forhandlingene. Alle saksdokumentene var lagt inn i form av pdf-filer. Andre dommere brukte tradisjonelle papirutdrag.

I Supreme Court of the State of New York, Appellate division ble forhandlingene overført direkte både internt i domstolen og eksternt med allmenn tilgang via internett («Live Web Cast»). Justitiarius ved domstolen hadde vært en pådriver for å få dette innført. Han ga uttrykk for en sterk oppfatning av at befolkningens tillit til domstolene ville bli styrket ved at alle ville kunne følge rettsforhandlingene. I tillegg ble også lydopptaket fra forhandlingene lagt ut på domstolens nettsted ved dagens slutt.

Rettsmøtene i denne domstolen var ellers i stor grad papirbasert. Utdragene for den enkelte sak ble lagt opp på dommerbordet av rettsbetjentene og erstattet med nye når neste sak ble påbegynt.

Utrederne laget i begge domstolene ferdig et notat om saken i forkant, med en kort beskrivelse av det relevante faktum i saken og de rettslige problemstillingene. I United States Court of Appeals fulgte også utrederne forhandlingene og skrev et notat i ettertid. Hvor omfattende dette notatet var, var avhengig av dommerens ønske.

Studiebesøkene i Tromsø og New York ga, hver på sin måte, meget interessante perspektiver på domstolenes bruk av digitale arbeidsverktøy fremover. Nytteverdien for meg for begge studieoppholdene består i inspirasjon og påfyll, samt informasjon om konkrete erfaringer som er gjort.

avdelingslagmann Martin Tenold



*Supreme Court of the State of New York,
Appellate division, First Judicial department,
Manhattan*

ET TILBAKEBLIKK —

FRA STENSILMASKIN TIL AKTØRPORTALEN

Den 30. november 2017 fratrådte jeg som lagdommer etter fylte 70 år tidligere i måneden, etter vel 30 år som dommer. Mye har skjedd i denne perioden. Mitt første møte med en domstol var i 1972 da jeg fikk sommerjobb som ferievikar ved Mandal sorenskriverembete. Jusstudiet var den gang i tre avdelinger, og jeg hadde nettopp begynt på andre avdeling ved Universitetet i Bergen. Jeg hadde samme jobb i de tre påfølgende år frem til jeg tok juridikum våren 1975.



Birger A. Stedal

Arbeidet som sommervikar besto blant annet i å være protokollfører i forhørsretten. Dette var lenge før tekstbehandlings tid, og man brukte blåpapir for å få det nødvendige antall gjenparter. Da var det om å gjøre ikke å få for mye rettelser. Jeg husker ikke helt om embetet hadde fått elektriske skrivemaskiner. Skulle det produseres mange kopier, ble dette gjort ved bruk av stensilapparat, hvor man med hånd sveivet opp det nødvendige antall.

Vest-Agder fylke var den gang delt i to politidistrikter; Vest-Agder politikammer som lå i Mandal, og Kristiansand politikammer. I Mandal var det politimester og en politifullmektig. På Flekkefjord politistasjon var det en politiadjutant. Da jeg kom til tredje avdeling i studiet, med bla. strafferett og straffeprosess, hadde jeg stor nytte av denne praktiske innføringen i straffesaksbehandlingen.

Det var på denne tiden samfunnet fikk føling med narkotikaproblemet, og jeg husker en sak fra 1972 hvor det var noen ungdommer som var tatt med stoff, jeg tror det var hasjissj, på Sjøsand. Det var ikke så svært mange gram, men det ble varetektsfengsling og senere dom. I dag hadde det nok bare blitt et forelegg. Et annet arbeidsområde ved kontoret var tinglysingen. Dokumentene ble samme dag som de kom inn innført i tinglysingsdagboken, og deretter ført i grunnboken. Grunnbøkene var store permer med grunnbokblad for hver eiendom. Ideelt sett skulle dokumentene føres inn i grunnboken med skrivemaskin, men da det var en litt møysommelig prosess å låse opp permene og ta bladet ut, ble det gjerne til at utdrag av dokumentet ble innført med hånd. Den gang var et skjøte litt mer

iøynefallende enn i dag, gjerne skrevet på tykt papir og påført store stempelmerker som kvittering for tinglysingsgebyr og dokumentavgift. Tinglysingsarbeidet kom til nytte i andre avdeling på studiet, for på studiet lærte man ikke noe særlig om hvordan tinglysingen rent praktisk foregikk.

I de siste årene i Mandal var Carl Tank sorenskriver. Han var veldig grei, og sørget for at sommervikariatet i 1975 kunne gjennomføres med bemyndigelse som dommervikar. Dermed begynte jeg selv å dømme i forhørsretten, og fikk også behandle en sak om midlertidig forføyning og også en takst. Etter tre år som saksbehandler i Politiavdelingen i Justisdepartementet, var det igjen tid for domstolen. Denne gang som dommerfullmektig ved Hardanger sorenskriverembete på Lofthus fra 1978 til 1980. Fra jeg forlot Mandal og frem til 1978 hadde det ikke skjedd så mye på den tekniske siden i domstolene; det eneste var at grunnbokpermene var byttet ut med «trau». Grunnboksbladene stod som digre kartotekkort i «trauene» som lignet handlevogner. Ettersom grunnboksbladet kunne løftes ut av kartoteket, ble innføringen av nye opplysninger lettere. Utfordringen var å sette grunnbokbladet tilbake på rett plass etterpå.

Tiden på Lofthus var fin. Jeg reiste Hardanger rundt og satte rett, mest i Odda, men også i Kinsarvik, Eidfjord, Norheimsund og Jondal. Når det gjaldt Odda, var utfordringen sommerstid å komme tilbake til Lofthus før turisttrafikken korket seg til i Tyssedalsberget ut på dagen. De som skulle møte i forhørsretten, følte det nok som en tilleggsstraff å måtte stille opp i 8 tiden på morgenen. Dommene ble skrevet ut av kontorpersonalet etter håndskrevet kladd, som gjerne var blitt til i ferjekø i Kvanndal hvis jeg hadde vært i Norheimsund.

Fra høsten 1980 til september 1987 var arbeidsplassen Haugesund politikammer. Som aktor møtte jeg for tre domstoler; Haugesund byfogdembete, Karmsund herredsrett, og Ryfylke herredsrett i Stavanger. Da jeg tiltrådte som sorenskriver i september 1987, var byfogdembetet i Haugesund blitt byrett/tingrett. Embetet hadde én og en halv dommerfullmektig, sistnevnte i felleseie med sorenskriveren i Karmsund; Bjørn Solbakken, som senere ble førstelagmann i Gulating.

Nå hadde den tekniske utviklingen gått noe fremover. Vi kjøpte nye elektriske skrivemaskiner rett etter at jeg tiltrådte, men det var også de siste som ble kjøpt. Et par år etterpå overtok vi et tekstbehandlingsanlegg fra Karmsund, og så skjøt utviklingen fart utover på 1990 tallet. Tinglysingen ble databasert, og vi fikk

journalsystemer for sakene. Jeg dikterte alle dommene, hadde dyktige medarbeidere på kontoret, og fikk dermed unna mest mulig saker i retten. I 2003 tiltrådte jeg som lagdommer. Siden det var satt av skrivedager, begynte jeg å skrive alle avgjørelsene selv. Det ble dermed lettere å utnytte arbeidstiden maksimalt, samtidig som saksbehandlerne ble avlastet.

Dagens saksbehandlingsverktøy, Lovisa, er meget bra, når det virker som det skal. Men det er ikke til å unnså at nedetid i dataverden skaper mye frustrasjon. På tampen av karrieren min har jeg fått med meg Aktørportalen. Gjennom Aktørportalen sendes og mottas dokumentene elektronisk; sikkert og uten forsinkelser i postgangen. Det er nesten utrolig at rettens brev og prosesskriv med et par tastetrykk kan sendes direkte til mottakeren. Men det er uvant med alle dokumenter i elektronisk form. Selv om det er godt at kontoret ikke lenger fylles av metervis av ringpermer i de største sakene, savner jeg fortsatt utskrift på papir av de mest sentrale dokumentene i en fengslingssak. Jeg får overlate til de yngre dommerne å bli heldigitale.

Om lag 45 år etter at jeg fikk første ansettelse i Agder, er ringen snart sluttet. Som pensjonist skal jeg få arbeide både i Agder og i Gulating som ekstraordinær lagdommer.

lagdommer Birger A. Stedal

INTERVJU MED HILDUR E. STAALESEN 21.12.17



En blid og smilende Hildur Staalesen kommer rett fra lagmannsrettens julelunsj, der hun ble takket av førstelagmannen for sin strålende innsats for Gulating i Stavanger, og der hun både sang og holdt en feiende flott takketale. Etter 9 års innsats for Gulating slutter hun av ved nådd aldersgrense. Innledningsvis ga Hildur uttrykk for takknemlighet for at Gulating «turde» å satse på henne for 9 år siden, da hun ble tilsatt som saksbehandler i Stavanger. Når vi valgte en godt voksen medarbeider dengangen, tror hun at det hadde noe med kjennskap til en viss dame å gjøre – nemlig Lovisa. Den damen kjente Hildur godt til fra sine år i Stavanger tingrett!

Hva var dine forventninger til jobben den gangen?

Jeg hadde ingen konkrete forventninger, var lite bevisst på det og tenkte at her må veien bli til mens man går. Men jeg er en ekstremt selvstendig person, og så at her kan jeg få påvirke jobbinnholdet sterkt selv – og det syntes jeg var attraktivt.

Hva vurderer du i dag som de største utfordringene i jobben som saksbehandler i Stavanger?

Den største er nok at jeg har vært alene, og travelheten har tiltatt de senere årene. Det er ikke mulig å være flere steder samtidig. Når jeg nå har fått arbeide sammen med Sarah, min etterfølger, noen uker, ser jeg hvor mye bedre tingene glir når vi er to!

Hva kan du si om dommerne og dine erfaringer med dem i Stavanger?

Å de er en herlig flokk – forskjellige som bare det, mange individualister. Og svært hyggelige! Det har vært en glede å samarbeide med dem. Jeg synes det har vært så mange gode samtaler, føler at jeg kjenner mange av dem godt. Kommer dem tettere inn på livet her enn hva saksbehandlerne får sjansen til i Bergen tror jeg.

Det går gjetord om din serviceinnstilling Hildur. Synes du det av og til har vært trukket for store veksler på hjelpsomheten din?

Nei i grunnen ikke. Oppgavene jeg har befattet meg med hører jo jobben som saksbehandler til, så jeg føler meg ikke utnyttet på noen måte.

Hvilke råd vil du gi til din etterfølger Sarah?

Vær blid og imøtekommende! Da får du også mye positivitet tilbake, og det gjør jobben og hverdagen lettere og morsommere. Ellers trenger ikke Sarah så mange råd – jeg ser at hun kommer til å greie seg utmerket! Og hun er jo så dyktig med ikt-utfordringer, den egenskapen og kompetansen blir det bare mer og mer bruk for. Og så er hun veldig hyggelig.

Du begynte jo på jusstudiet – hva gjorde at du slo det fra deg?

Den gangen kunne vi følge undervisning i Stavanger, men måtte til Bergen for å ta eksamen. Men det var bare tilbud i Stavanger frem til 3. avdeling. Og jeg hadde små barn, som det ville vært umulig å være borte fra i lengre perioder. Men jeg synes jeg har hatt utbytte av det jeg lærte den gangen i min nåværende jobb. Jeg liker å sette meg inn i hvordan dommerne tenker når de skriver dom. Og det har vært særlig kjekt å bistå dommere som Steinar Trovåg for eksempel når han dikterte en dom.

Hvilke forbedringer ser du behov for?

Å bli mer integrert med det som skjer her i Bergen, føler av og til at jeg ikke får med meg all viktig informasjon. Å lese referat fra sekretariatsmøtene er ikke det samme som å være med der. Kanskje det kunne være en ide med videolinkoverføring til Stavanger ?

Ellers er det mest presserende behovet å få en saksbehandler til her i Stavanger. Når det nå er så mye aktivitet i Handelens Hus nesten hver uke, øker behovet ytterligere. Det blir ikke det samme å kunne hente ned en saksbehandler fra Bergen, og jeg har nok vært litt tilbakeholdende med å be om dette noen ganger.

Ellers er det behov for oppussing! Det er til dels nitrist i ganger og i en del av rommene/salene. Når det er så lenge til det blir nytt tinghus i Stavanger, kan vi ikke bare utsette alt. Tingretten tok grep for noen år siden og pusset skikkelig opp – det er det behov for hos oss også !

Tilslutt Hildur – hvilke planer har du for pensjonisttilværelse?

Jeg har faktisk ikke lagt konkrete planer, vi får se hvordan det går seg til. Vi kommer nok til å tilbringe mer tid på hytten på Trægde, like utenfor Mandal. Ellers tar vi det som det kommer.

administrasjonssjef Arne Støle

GULATING LAGDØME

Gulating lagmannsrett er ein av seks lagmannsrettar i Norge. Forutan lokala våre i Bergen, har me faste kontor og faste rettslokale i Stavanger og Haugesund. I tillegg set me rett andre stader i lagdømet etter behov.

I embetskrinsen var det per 1. januar 2017 til saman 1 102 253 innbyggjarar, som fordelte seg slik på dei tre fylka:

Rogaland	472 024
Hordaland	519 963
Sogn og Fjordane	110 266

I dei tre fylka er det til saman 86 kommunar, og i Gulating lagdøme er det 8 tingrettar:

Bergen tingrett
Stavanger tingrett
Dalane tingrett
Jæren tingrett
Hardanger tingrett
Haugaland tingrett
Sunnhordland tingrett
Sogn tingrett og Fjordane tingrett

Lagmannsretten er ankeinstans for følgjande jordskifterettar:

Sør-Rogaland jordskifterett
Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett
Lista Jordskifterett
Nord- og Midhordland jordskifterett
Indre Hordaland jordskifterett
Indre Sogn jordskifterett
Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett
Nordfjord jordskifterett

Tingrettane i lagdømet



Jordskifterettane i lagdømet



ORGANISERINGA AV GULATING LAGMANNSRETT

Lagmannsretten vert leia av førstelagmannen, som saman med avdelingslagmennene og administrasjonssjefen har ansvar for den daglege drifta.

Dommarane er organiserte i to avdelingar, leia av kvar sin avdelingslagmann. Til kvar avdeling er det knytt ein avdelingskonsulent. I tillegg har lagmannsretten ei juridisk utgreiingseining, under leiing av ein utgreiarleiar. Saksbehandlarane er organisert i eit sekretariat, under leiing av ein sekretariatsleiar. Frå 1. juli fekk lagmannsretten har ein eigen sikkerheitsavdeling. Avdelinga har tre tilsette og vert leia av ein sikkerheitsleiar.

Leiargruppa i Gulating

Førstelagmann Magni Elsheim

Avdelingslagmann Martin Tenold

Avdelingslagmann Rolf Strøm

Administrasjonssjef Arne Støle



Martin Tenold, Arne Støle, Magni Elsheim og Rolf Strøm

Dommarar avdeling 1

Martin Tenold
Jan Erik Erstad
Rune Voll
Håvard Romarheim
Arne Fanebust
Stig Sjong
Rannveig Sjøvoll
Guri Elisabeth Molven
Haakon Meyer
Berit Moldskred Mo
Bjørn Lillebergen
Jarle Golten Smørdal
Per J. Jordal
Grethe Strandborg
Gro Berge
Roar Klausen
Arild Oma

Dommarar avdeling 2

Rolf Strøm
Hanne Sophie Greve
Jon Atle Njøsén
Wiggo Storhaug Larssen
Margareth Christophersen
Carl Petter Martinsen
Nina Noss
Birger A. Stedal
Ole-Arne Linga
Torstein Frantzen
Vigdis Bygstad
Knut Harald Braathén
Kai Ove Roseth
Vidar Bergtun (jordskiftelagdommar)
Beate Blom
Ingrid Kjeldstad Gullaksen
Elisabeth Deinboll

Konstituerte dommarar

Arild Oma (1.1.17 – 03.09.17)

Avdelingskonsulentar

Avdeling 1: Gunvor Knudsen
Avdeling 2: Inger Røyrbotten Låstad

Juridiske utgreiarar

Marie Trovåg (leiar)
Kathrine Engelskjerd Eikestad
Marianne Brynjulfsen Overaa
Linn Tordal Halvorsen
Therese Skodvin (i permisjon)
Knut Alexander Johnsen (vikar)
Ingun Fornes (vikar – fast tilsett frå 01.01.2018)
Ingrid Melheim (jordskifteutgreiar)

Sekretariat

Sekretariatsleiar Henriette Hinna

Saksbehandlarar

Arnhild Bø

Lena Osberg Fauskanger

Veronica Iversen

Wenche Lund

Tonje Olsnes

Wibecke Søråas Onarheim

Line Liebrecht Steffensen

Eva Innbjør

Sarah Lyngholm Kristiansen

Eva Ingunn Fauskanger

Helga Herfindal

Henriette Bergli Lillestøl

Linda Mjaatvedt Moen

Alice Hatlelid Opdahl

Hjørdis Skogen

Hildur Engeland Staalesen

Katharina Kongevold (vikar)

Rekneskap/fellestenesta

Sara Camilla Deisz

Wenche Haarvig Endregaard

Cornelia Helén Ohr

Jostein Hordvik

Janicke K. Vognstølen



S. C. Deisz, W. H. Endregaard, J. Hordvik og C.H.Ohr

IKT

Lagmannsretten deler IKT-teneste med Bergen tingrett. Avdelinga ha to tilsette:

Roman Davodov
Niklas Haldorsen

Sikkerheit

Sikkerheitssjef Espen A. Husby
2 tilsette

Rettsbetjentar

Reidar Borlaug
Terje Fossedal
Terje Olav Høiland
Tom Landa
Edvard Natvig

Karl Fagerlund
Thor-Magne Haugen
Ove Johannessen
Bjørn Norbeck

Ekstraordinære dommarar

I tillegg til faste og konstituerte dommarar nyttar lagmannsretten ekstraordinære dommarar. I 2017 har desse gjort teneste:

Arne Solberg
Arne Landmark
Elisabeth Løseth
Geir Tønning
Steinar Trovåg
Walter Wangberg
Daniel Lunde

Jon Høyland
Helge Lillebø
Ove Midttun
Ellen Midtgaard
Bjørn Solbakken
Ørnulf Jacobsen
Birger Stedal

Ressursgruppedommarar

Per Magne Isaksen
Jørn Ree
Gunnar Steintveit
Christian Wyller

Vikarpool

Lagmannsretten har ein vikarpool av jusstudentar frå Universitetet i Bergen. Studentane blir kalla inn ved sjukdom og lengre ferie hjå saksbehandlarane:

Sara Brede Mosand

Julia Gerhardsen

Ingrid Løken Kallelid

Elisa Eichstetter

Utnemnd /tilsett i 2017

Lagdommar Rolf Strøm byrja som avdelingslagmann 1. januar 2017

Lagdommar Ingrid Kjeldstad Gullaksen byrja 1. mars 2017

Lagdommar Arild Oma – konstituert frå 2016, byrja i fast embete frå 4. september 2017

Lagdommar Elisabeth Deinboll byrja 1. november 2017

Rådgjevar Sarah Lyngholm Kristiansen byrja 20. november 2017

Rettsbetjent Tom Landa byrja 15. august 2017



Sarah L. Kristiansen



Marianne B. Overaa

Slutta i 2017

Jostein Hordvik (30.04.2017)

Nina Noss (03.09.2017)

Birger A Stedal (30.11.2017)

Marianne B. Overaa (31.12.2017)

Hildur E. Staalesen (31.12.2017)

Knut Alexander Johnsen (27.08.2017)

Karl Fagerlund (30.06.2017)


Bjørn Norbeck (30.06.2017)


Ingrid Løken Kallelid (01.03.2017)

Elisa Eichstetter (05.08.2017)



Lagdommar Kai Ove Roseth, lagdommar Carl Petter Martinsen og ekstraordinær lagdommar Bjørn Solbakken





Gulating lagmannsrett

Postadresse: Postboks 7414, N 5020 Bergen

Besøksadresse: Gulatingsplass 1

Telefon: 55 69 39 00

Telefon Stavanger-kontoret: 51 29 90 80

E-post: gulating@domstol.no

Heimeside: www.domstol.no/gulating